

Revisjon av rekneskap for Radøy Brass 2016/2017

Bankkonto er avstemt for perioden 01.09.16 - 31.08.17. Ingen feil funne.

Alle bilag er gjennomgått, og kontrollert mot rekneskapen.

Rekneskapen er gjort opp med eit resultat på kr 59.746,70.

Kommentarar:


Flott at kopi av utgåande fakturaer er lagt ved som bilag saman med innbetalingane.

For framtida er det ønskjeleg at bilaga vert nummerert og ført i same rekkjefølgje som dei står oppført på kontoutdrag frå bank.

Det er enkelt, og kanskje også rett og fornuftig, at musikantar sjølv betalar reise og opphald i samband med Siddis. Ver imidlertid då merksam på at korpset årleg går glipp av MVA-kompensasjon på om lag 3000 kroner.

Til slutt årets innspel frå revisor, der rådet ikkje har noko med revisjon å gjera: Ikkje gløym å jaga inntekter (dugnad m.m.) sjølv om det nett no er pengar på konto. Ein kan ikkje vinna NM kvart år, og dermed få ekstraordinære inntekter frå dette. Eller...? ☺

Isdalstø, 19.10.2017


Kjartan Sylta
revisor